

Kvalitetspolitikk

I formålet til Telemark Lys AS, seier vi at vi **”...gjennom framifrå resultat, skal medverke til å oppfylle Stortingets målsetting om fleire i arbeid og færre på trygd...”**

I arbeidet mot dette formålet, legg vi stor vekt på :

- * Eit nært samarbeid med deltakarane, NAV og det lokale næringslivet
- * Eit godt motivasjonsarbeid
- * Utradisjonelle løysingar
- * Individuelt tilpassa opplegg

Visjonen vår lyder slik:

Ved di side – eit lys på vegen mot arbeid.

Tankane bak visjonen, er at vi ynskjer å stå for, og å signalisere:

- Samarbeid (*Ved di side*)
 - Med deltakarane
 - Med samfunnet (Nav, arbeidsgjevarar, kommunen o.s.b.)
 - Med kundane våre
- At målet er å vere ein motiverande ressursbank for deltakarane våre i deira arbeid med å finne den rette vegen inn i, eller tilbake til yrkeslivet. (*Eit lys på vegen mot arbeid*) Våre ressursar skal innrettast etter deltakarens behov, og kan for eksempel vere kartlegging, kosthaldsrettlegg, treningsopplegg, karriererettlegg, teoretisk eller praktisk undervisning både etter tradisjonelle og alternative metodar, akupunkturbehandling, Qi-gong-trening m.m. Det kan også vere arbeidstrening eller sosial trening dersom det er det deltakaren ynskjer og treng. Det viktige er at vi, saman med deltakaren, leitar ”med lys og lykte” til vi finn det opplegget som fungerer for den einskilde, og deretter gjennomfører det opplegget på best mogleg måte.

Vi byggjer dessutan, i alt vårt arbeid, på eit sett av overordna verdiar, som vi har formulert slik:

Vidsyn:

Vi verdset og respekterer eit mangfald i etnisk bakgrunn, religiøse, kulturelle og politiske oppfatningar. Vidare vil vi arbeide for at alle skal kjenne seg velkomne hos oss, og vite at dei har sin eigen verdi uansett kjønn, alder, utdanningsbakgrunn, seksuell legning eller funksjonsnivå.

Varme:

Vi vil vere rause med smil, godlynt humor og positive kommentarar. Vi vil ha auge og omtanke for heile mennesket og legge programtilbod og aktivitetar opp slik at kvar einskild får nettopp den hjelpa han eller ho treng for å kome seg vidare.

Vågemot:

Vi vil våge å setje oss høge mål og satse på utradisjonelle løysingar. Vi vil våge å tru på oss sjølve og leite etter ressursane hos våre deltakarar. Vi vil våge å tru at alt er mogleg, og at alle våre deltakarar skal få halde fram i arbeidet sitt, eller kome ut i arbeid, etter fullført tiltak hos oss.

Vi forpliktar oss samstundes til å drive eit kontinuerleg arbeid for å forbetre oss på alle område av drifta i bedrifta vår.